



Finnås Kraftlag

*Referat frå
Årsmøte
i Finnås Kraftlag SA*

Onsdag 14.mai 2014 på Bømlo Folkehøgskule, Våge

Før den offisielle delen av årsmøte starta, heldt Asle Strand, næringspolitisk rådgjevar i KS Bedrift, eit innlegg med tittelen «Finnås Kraftlag- verdi og verktøy for Bømlo-samfunnet». Han fortalde om verdien av eit lokalt elverk, og peika på utfordringar dei mindre selskapa står ovanfor sett i lys av Reiten-utvalet sin rapport om «eit betre organisert straumnett».

Styreleiaren takka for innlegget, før ein heldt fram med årsmøtet.

Etter § 7.6 i vedtektene, er det styret som skal peika ut møteleiar. Styreleiar Torleiv Fylkesnes leia møtet.

Møtet har med lovleg frist vore kunngjort i Bømlo Nytt 29.april og 10.mai. I tillegg er møtet kunngjort på internettsidene til Finnås Kraftlag. Alle medlemmene har motteke skriftleg innkalling. SMS-påminning er sendt ut til alle med registrert mobiltelefonnummer. Sakspapira har vore tilgjengelege på kraftlaget sitt kontor og på internettsidene frå 30.april 2014.

66 medleamar møtte med til saman 79 røyster.

Styreleiaren innleia med å ynskja medlemmer og presse velkommen til årsmøte i Finnås Kraftlag SA.

Sak 1 Godkjenning av innkalling og sakliste

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

Innkalling og sakliste vart godkjende, og styreleiaren erklærte møte for lovleg sett.

Sak 2 Godkjenning av møteboka for årsmøte 07.mai 2013

Møteboka har vore tilgjengeleg som ein del av sakspapira, sidan 30. april.

Det var ingen merknader, og møteboka for 07.mai 2013 vart godkjend.

Sak 3 Val av to personar til å skriva under møteboka, og val av to valobservatørar

Til å skriva under møteboka vart Helge Larsen og Astrid Nesse valde. Bjørn Lavik og Johannes Kristiansen vart valde til å vera valobservatørar.

Sak 4 Fastsetja årsmelding 2013

Årsmeldinga vart presentert av styreleiar Torleiv Fylkesnes.

Det var ingen merknader eller spørsmål til årsmeldinga, og årsmøte gjekk inn for framlegg til vedtak:

Framlagd årsmelding for 2013 vert godkjent som årsmelding for Finnås Kraftlag.

Sak 5 Fastsetja resultatrekneskap og balanse for 2013

Elverksjef Nils Gunnar Gloppen presenterte rekneskap og balanse.

Samrøystes gjekk årsmøtet inn for styret si tilråding til vedtak:

Rekneskapen vart gjennomgått, og i samsvar med revisjonen si tilråding godkjend.

Sak 6 Gjera vedtak om disponering av overskot

Kraftlaget har, jamfør samvirkelova og vedtektene, høve til å dela ut gåver til almennyttige føremål.

Premissar for tildeling av almennyttige gåver var lagt ut som del av sakspapira.

Styreleiaren presenterte styret sitt framlegg til vedtak:

Foreslått utdelt almennyttige gåver	1 098 100
Overføring annan eigenkapital	6 337 221
Avsett til etterbetalingsfond	3 975 000
SUM disponeringar	11 410 321

Fylgjande almennyttige gåver vert gitt:

1 Gåvefond, disponert av styret	1 000 000
2 Espevær bedehus/kapell	30 000
3 Thormodsæter bedehus	7 200
4 Espevær bygdahus	13 000
5 Bømlø skulemuseum	4 000
6 Framtid for Lykling	28 400
7 Meling Bedehus	15 500
8 SUM Gåver	1 098 100

For alle gåvetildelingar gjeld fylgjande:

Før beløpet vert utbetalt må søkjar ha gjort formelt vedtak om bygging og den faktiske bygginga må vera komen i gang. I tillegg må det liggja føre bindande



finansieringsplan med tilsegn. 50% av stønadsbeløpet vert utbetalt ved anleggstart, og resten når anleggsrekneskap er lagt fram.

Det var ingen merknader til styret sitt framlegg, og årsmøte gjekk dermed inn for styret si tilråding til vedtak.

Sak 7 Fastsetja godtgjersle til styre og valnemnd

Av rekneskapen går det fram at løn og anna godtgjersle til styret er kr. 319.257,- og til valnemnda kr 11.628,-

Årsmøtet gjekk inn for styret sitt framlegg til vedtak:

Godtgjersle til styre og valnemnd vert godteken i samsvar med rekneskapen for 2013.

Sak 8 Fastsetja godtgjersle til revisor

Av rekneskapen går det fram at det for 2013 er betalt kr 150 000,- for revisjon. I tillegg er det utbetalt kr. 111.500,- for tilleggstenester av revisjonsmessig art.

Årsmøtet gjekk inn for styret sitt framlegg til vedtak:

Godtgjersle til revisor vart godteken i samsvar med rekneskapen for 2013.

Sak 9 Velja styre og styreformann

Valnemnda har i denne perioden bestått av fylgjande personar:

Sigbjørn Næsse (leiar), Else Berit Ingvaldsen, Elin Vold, Kjell Oldereide og Vidar Nygård.

Desse er på val i år :	Periode:	Verv :	Innstilling frå Valnemnda :
Signe Lund Jansen	2 år	Styremedlem	Attval
Eli Furnes	2 år	Styremedlem	Attval
Martin Laurhammer	2 år	Styremedlem	Attval
Haldri Karin Engenes	1 år	1.varamedlem	Attval
Karl Totland	1 år	2.varamedlem	Attval
Haldis Hovland	1 år	3.varamedlem	Attval
Torleiv Fylkesnes	1 år	Styreleiar	Attval

Leiar Sigbjørn Næsse presenterte valnemnda sitt forslag, deretter vart valet leia av møteleiaren.

Det kom ingen framlegg om motkandidatar, og valnemnda sitt framlegg vart såleis vedteken.

Nytt styre for 2014/2015 vert:

Torleiv Fylkesnes Styreleiar
 Martin Laurhammer
 Eli Furnes
 Signe Lund Jansen
 Anne-Beth Njærheim
 Ove Grønås
 Tove Lise Aasheim (tilsetterepr.) (varamedlem: Rune Nesse)

Observatør frå Bømlo kommune:

Odd Harald Hovland (vara: Sissel Johnsen)

Varamedlemmer:

1. vara Haldri Karin Engenes
2. vara Karl Totland
3. vara Haldis Hovland

Sak 10 Velja revisor

Årsmøtet gjekk inn for styret si tilråding til vedtak:

Deloitte vart valde til framleis å vera revisor.

Sak 11 Velja valnemnd etter forslag frå styret.

Fylgjande personar har vore medlem av valnemnda i 2013/14:

Valnemnda	Status	Innstilling frå styret
Else Berit Ingvaldsen	På val, men ynskja ikkje attval	Ny kandidat: Hilde Markhus
Elin Vold	På val	Attval
Kjell Oldereide	På val	Attval
Vidar Nygård	Ikkje på val	-----
Sigbjørn Næsse	Ikkje på val	----
Leiar:		
Sigbjørn Næsse	På val som leiar	Attval




Det kom ingen framlegg om motkandidatar og årsmøtet gjekk såleis inn for styret sitt framlegg:

Elin Vold og Kjell Oldereide vert attvalde til medlemmer av valnemnda, Hilde Markhus vart vald inn som nytt medlem i valnemnda. Sigbjørn Næsse vert attvald til leiar av valnemnda. Alle valde for 1 år.


Styreleiar Torleiv Fylkesnes avslutta med å takka for fram møte.

Bremnes 15.05.2014

Bente Steinsland, ref.


Torleiv Fylkesnes, møteleiar


Astrid Nesse


Helge Larsen